

INNSTILLING FRÅ VALKOMITEEN

Valkomiteen har vore samansett av Eli Ulvestad - Studieforbundet kultur og tradisjon (leiar), Liv Bakke Kvinlog - Musikkens studieforbund, Christian Skyum – Studieforbundet AOF, Anders Røberg-Larsen – Idrettens studieforbund og Ingebjørg Gram – Studieforbundet Livslang læring.

Valkomiteen sitt arbeid

Alle studieforbunda fekk i januar tilsendt brev frå valkomiteen med frist for å nominere kandidatar til styret. Dei blei samtidig gjort merksam på at vedtektsendringar på årsmøtet i fjor har gjort at talet styremedlemmer er endra, ved at vedtektene no seier styret skal ha minst tre styremedlemmer i tillegg til leiar og nestleiar, samt inntil tre varamedlemmer. Valkomiteen mottok svært få nominasjonar innan fristen, og det vart difor sendt ut ny melding til studieforbunda med utsatt nominasjonsfrist

Nominasjonar

Fire av dei 12 studieforbunda som er medlemmer i VOFO er sikra representasjon i styret, ved at styrerepresentantar frå deira studieforbund ikkje er på val i år. Av dei fire styremedlemmene som er på val, er to renominert for ein ny periode. Utover dette er det berre eitt studieforbund som har nominert styrekandidat. Det vil seie at heile 5 av 12 medlemmar ikkje har nominert kandidatar. Eitt av studieforbunda har nominert både styremedlem og varamedlem.

Nominasjonar frå studieforbunda:

<i>Studieforbund</i>	<i>Verv</i>	<i>Kandidat</i>	<i>Status</i>
Studieforbundet kultur og tradisjon	Styremedlem	Marit Jacobsen	Renominert
Studieforbundet Funkis	Styremedlem	Roger Håkon Skår	Renominert
Idrettens Studieforbund	Styremedlem	Åsmund R. Sæbøe	Ny
Studieforbundet kultur og tradisjon	Varamedlem	Kjærsti Gangsø	Ny

Studieforbund som ikkje er representert i styret, og som ikkje har sendt nominasjon:

- Studieforbundet AOF
- Senterparties studieforbund
- Studieforbundet Solidaritet
- Samisk Studieforbund (har vore representert i inneverande periode, men har ikkje renominert kandidaten)
- Natur og Miljø (har vore representert i inneverande periode, men har ikkje renominert kandidaten)

Innstilling

Om størrelsen på styret

Vedtektene gir årsmøtet rom til å avgjere kor mange styremedlemmer ein skal velje, sidan dei fastset at styret skal vere samansett av leiar, nestleiar, minst tre styremedlemmer og inntil tre varamedlemmer valt av årsmøtet. I tillegg skal det veljast eit styremedlem med personleg varamedlem av og blant dei tilsette.

Valkomiteen har oppmoda styret om å gje føringar på styrestørrelse, for å få eit betre utgangspunkt for arbeidet, men dette har vi ikkje fått. Valkomiteen har konkludert med at vi innstiller på val av 5 styremedlemmer og 1 varamedlem, med følgjande grunngjeving:

Vår vurdering er at vi i prinsippet kan velje om vi skal innstille på 3, 5 eller 7 styremedlemmer, i tillegg til leiar eller nestleiar, for å oppretthalde intensjonen om oddetal blant dei årsmøtevalte styremedlemmen.

Vedtektene fastset minimum 3 styremedlemmer, men ved å legge opp til eit maksimumstal på 7, kan ein legge til rette for at alle 12 studieforbunda blir representert i styret, gjennom leiar, nestleiar, 7 styremedlemmer og 3 varamedlemmer.

Sidan vi verken har fått føringar frå styret, eller har for mange nominasjonar å ta stilling til, har vi lagt dei innkomne nominasjonane til grunn, og innstiller på at alle blir valt til den plassen dei er nominert til.

Innstilling til styre

<i>Verv</i>	<i>Kandidat</i>	<i>Studieforbund</i>	<i>Status</i>
Leiar	Hege Irene Fossum	K-Stud – Kristeleg studieforbund	Ikkje på val
Nestleiar	Geir Barvik	Studieforbundet livslang læring	Ikkje på val
Styremedlem	Ludvig Claeson	Musikkens studieforbund	Ikkje på val
Styremedlem	Håkon Frode Særsten	Venstres studieforbund	Ikkje på val
Styremedlem	Marit Jacobsen	Studieforbundet kultur og tradisjon	Attval, 2 år
Styremedlem	Roger Håkon Skår	Studieforbundet Funkis	Attval, 2 år
Styremedlem	Åsmund R. Sæbøe	Idrettens Studieforbund	Ny, 2 år
Varamedlem	Kjærsti Gangsø	Studieforbundet kultur og tradisjon	Ny, 2 år

Avsluttande kommentar

Valkomiteen oppmodar styret om å fastsetje i instruksen til valkomiteen kor stort styret skal vere, slik at komiteen har eit betre grunnlag for arbeidet sitt. Om det påfølgjande årsmøtet skulle vere ueinig i styret sine vurderingar, er årsmøtet uansett kompetent til å overprøve dette vedtaket, ved å velje eit større eller mindre styre enn det valkomiteen har innstilt på.

Valkomiteen er godt fornøgd med dei nominasjonane som faktisk har kome inn, men peikar på behovet for å ein sterkare kultur blant studieforbunda om å nominere kandidatar til styret. Når VOFO berre har 12 medlemsorganisasjonar bør ein kunne forvente at stort sett alle nominerer til styret, evt at ein får ei forståing seg i mellom om ei viss rotasjonsordning.